

Kostar hjorten meir enn han smakar?

13.10.2007

Som eit apropos til hjorte-invasjonen på dyrka mark også i Uskedalen og ikkje minst då i Haugland-området, kjem ei purring til kommunen frå prosjektet ”Kostar hjorten meir enn han smakar?”.

Det er Bioforsk Vest i Fjaler som etterlyser svar på søknad om økonomisk støtte på 3.000 kroner frå det kommunale viltfondet i Kvinnherad til prosjektet. Fleire kommunar har gjeve positivt svar på søknaden.

Bioforsk Vest meiner prosjektet er klårt innafor det som det kommunale viltfondet kan nyttast til og lokal og regional medfinansiering er eit vilkår for å få løyst ut sentrale midlar til prosjekt av denne typen.

Prosjektleder Pål Thorvaldsen opplyser at prosjektet i år har hatt felt over heile Vestlandet frå Fusa i sør til Storfjord på Indre Sunnmøre i nord – i samarbeid med Landbrukets Forsøksringer. Det er registrert stor variasjon i skadeomfang både mellom grunneigarar og mellom jordstykke innafor same gardsvald. Dei som har vore mest utsett har hatt eit avlingstap på over 20 prosent. I prosjektet har det og vorte taksert skogskadar både innafor eit storvald og i heile Fjaler kommune.

Prosjektperioden skal vare til og med 2008.

Av Ola Matti Mathisen